



Svanhild Storstein er daglig leiar og autorisert rekneskapsfører i Addera Regnskap & Rådgiving.

– Ingenting galt med Tysvær eller økonomien

Eit av måla til Addera er at dei som jobbar i små verksemdar skal bruke tida på det dei er fagleg flinke til. Så tar rekneskapskontoret seg av resten.

ALF-EINAR KVALAVÅG



FOTO: ALF-EINAR KVALAVÅG

Dagleg leiar og autorisert rekneskapsfører Svanhild Storstein smiler breitt der ho sit på sitt nye kontor i Coop-bygget på Frakkagjerd. Sitatet i tittelen har ho gjentatt mange gonger, for det var ikkje noko gale med å heite Tysvær Økonomi i 12 år. Det var heller ikkje originalnamnet frå 70-talet, men med nye lokale og nye målsettingar ville dei ha eit meir matematisk namn.

— Etter litt fram og tilbake fall valet på Addera. Noko som betyr å legge saman. Helst i pluss, seier Storstein.

Og pluss skal det bli for alle kundane som treng hjelp eller råd på vegen i ein hektisk arbeidskvardag.

— Me har ei stor gruppe med kundar som driv aleine, eller i det ein kan kalle småbedrifter. Dagane er hektiske og reglane for rekneskap og løn er vanskeleg å halde seg oppdaterte på. Mange har nok høyrte om handverkarar som har giroar for tusenvis liggande mellom setene i bilen, men får dei aldri ut. Eller ein viktig rekning som har hamna under nokre røyr eller plankar og ikkje blei betalt i tide. Slik har det vore, men slik treng det ikkje vere i 2020. Difor prøver me å få fram bodskapen om at me kan hjelpe desse, slik at dei kan gjere det dei er gode på, og så kan me ta oss av det me er gode på.

— Og dette gjeld sjølv sagt fleire enn dei som har postadresse i Tysvær?

Me ser at dei som lagar seg gode rutinar, sjeldan får økonomiske problem

SVANHILD STORSTEIN, AUTORISERT
REKNESKAPSFØRAR



Her Svanhild Storstein i prat med kollega Charlotte Grønnestad.

— Etter kvart som me har fått kundar over heile distriktet, kjente me på at me ikkje trengte å stå fram som eit kontor som var så «lokale». I tillegg har det vore ulike samanblandingar av andre bedrifter og Tysvær kommune sin økonomiavdeling, noko som har vore utfordrande for oss, seier ho.

LETT

Å vere rekneskap- og lønsansvarleg for andre er ikkje vanskeleg i den digitale verda. Det er lett å kommunisere, og det er gode system som er lett å følgje opp.

— Å bruke ordet lett skal ein vere litt forsiktig med, men det viser seg at det ofte er lettare enn ein skulle tru. Me gir kundane våre god oppfølging også fagleg, slik at dei skal få den kunnskapen som dei må ha for å kunne drive ein gard, ei verksemd eller på andre måtar treng økonomisk bistand. Me ser at dei som lagar seg gode rutinar sjeldan får økonomiske problem. I alle fall ikkje som dei sjølv er skuld i. Det kan vere ting som me eller dei ikkje styrer som kan øydelegge, men det er unntak.

— Så økonomisk kontroll er som å bygge stein for stein?

— Heilt rett. Me kan faktisk bruke oss sjølv som eit eksempel. Me begynte på null og har bygd oss opp til ei mellomstor bedrift med mange bein å stå på. Trur vår erfaring er ein styrke når me skal rettleie nye kundar.

— Kor høgt blir den økonomiske biten prioritert av det å drive ei bedrift?

— Det er nok stor forskjell, me ser dei som kjem inn med gode rutinar og gode tal, men som ønsker at me tar over slik at dei kan ha fokus på arbeidet og ikkje rekneskapen. Men det er også mange som startar opp utan mål og meining. Dei investerer og kjøper opp utstyr som dei strengt tatt aldri vil kunne betale for. Dei gir prisar og får oppdrag som gir dei raude tal i staden for gevinst. Og det verste er vel at mange ufrivillig hamnar hos skattefuten, for å seie det slik, fordi ein ikkje kjenner til lovverket. Mange berre fordi dei ikkje har sett seg inn i reglane, seier Svanhild Storstein.

RÅD OG VINK

I kvardagen er det både små og store utfordringar knytt til det å drive for seg sjølv. «Ingen» ønsker å hamne i eit økonomisk uføre, men det skjer, og det

skjer for ofte.

— Det som me lærer mange av våre kundar er den biten som er knytt til lovverket. Moms, skatt, bilagsføring og mykje meir. Konsekvensane ved mishald på denne delen av det å drive ei verksemd er ofte konkursar, både i selskapet, men også privat. Kunnskap blir på mange måtar eit konkurransefortrinn, seier Storstein.

I dag har selskapet over 300 kundar i alle type bransjar som blir serva frå kontoret i Tysvær og i Haugesund.

— Då selskapet starta opp i 1971 var det eit slags kooperativ for bønder som trengte nokon til å ta seg av den økonomiske biten. Frå der utvikla det seg vidare til der me er nå, men bøndene er framleis ei stor gruppe hos oss. Så det er litt tøft at me i dag leiger hos Coop Haugaland, smiler Storstein.

ALT MULEG

Ho fortel om ein marknad i stadig skifte. Nye bransjar kjem til, andre forsvinn og blir borte.

— Det me ser nå er at helse er på veg inn for fullt. Tilboda blir mange og selskapa har dei same utfordringane som me har sett i meir tradisjonelle verksemdar. Så me må tilpasse oss nye kvardagar me også. Målet må vere at me er oppdaterte heile tida, og kan vere den medhjelparen som folk ønsker å ha med på laget.

— Er det noko som er likt mellom det å drive eit lite selskap og det å «drive» sin eigen familie?

— Det er mange. Skatt og avgifter er sjølv sagt like viktige i privatøkonomien. Å ha eigenkapital, eller ein bufferkonto, til dårlege tider eller nødvendige innkjøp det same. Det å ha oversikt over totaløkonomien er også noko som er felles. Har ein kontroll unngår ein mange feller. Det gjeld både privat og i næringslivet. Eg håper og trur at slike selskap som oss kan vere med å gjere arbeidskvardagen lettare for mange små og mellomstore bedrifter. Berre det at dei har nokon å spele på lag med, merkar eg er viktig. Lett er det ikkje, men mykje lettare enn å stå aleine, avsluttar Svanhild Storstein.

Ti personar har nå sin arbeidsplass hos Addera på Frakkagjerd. Ein av dei skal snart flytte kontorplassen sin heim til Suldal, og opprettar dermed eit pilotkontor der.